



DEN NORSKE KYRKJA

I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 05.10.22	
Sak nr. 19/22,20/22,21/22,22/22,23/22	Møtestad: Kyrkja kl. 16.30
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar
Sekretær Karin Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S. Stærnes	Medlem Maria Eide Sørheim
Medlem	Medlem
Geistleg representant	Vara: Kristine Utheim Gangdal
Forfall til møtet: Åse Marit Jørgensen, Arve Opsahl Engen	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjevevja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Meldingar:

Biskop i Bjørgvin går av og blir pensjonist. Avskjedsgudsteneste i Norheimsund kyrkje 4.oktober.

Informasjon:

- Nytt frå siste Fellesrådsmøte med Cecilie.

Forslag om nytt organisasjonskart. Omorganisering av Ullensvang kyrkjelege Fellesråd.

- Kyrkjekaffi, påminning

Den som er kyrkjevert gjev beskjed til Anne eller Ingebjørg om det er noko som må kjøpast inn til neste gudsteneste.

- Invitasjon til utdeling av 4-årsbok.

Kort varsel og det var ikkje alle som fekk invitasjon.
Anne tek det opp med kyrkjevevje.

- Årshjul

Årshjul for Jondal sokn er ferdig utarbeida og vedtatt. Vedlegg: Årshjul for Jondal sokn

Nedanfor føl sakene som skal til handsaming i møtet.

Saker:

19/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

20/22 Godkjenning av protokoll frå møtet den 24.08.22

21/22 Godkjenne diakoniplanen

22/22 Rutinar for utleige av kyrkjer i Ullensvang/praksis i Jondal.

232/2 Eventuelt

Sak 19/22 Godkjenning av innkalling
--

Vedtak:

Innkalling til møtet den 05.10.22 vart samrøystes godkjent.

Sak 20/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 24.08.22 vart samrøystes godkjent.

Sak 21/22 Godkjenne /vedta diakoniplan 2022-2026

Kort utgreiing om saka: Diakoniplan har vært ferdig en stund og diakon Margot Helene har etterlyst at den blir godkjent /vedtatt. Soknerådet går gjennom planen. Det blir gjort nokre endringar.

Forslag til vedtak.

Vedta planen slik den ligg føre

Vedtak:

Plan for diakoni for Jondal Sokn 2022-2026 blir vedtatt med nokre endringar.

Sak 22/22 Rutinar for utleige av kyrkjer i Ullensvang
--

Kort utgreiing om saka: I Jondal Sokn har det vore praksis at kantor har hatt ansvar for utleige, hatt kontakt og gjort avtaler rundt konsertar. Har fått eit skriv frå administrasjonen som synar at praksis er ulik i dei ulike Sokna. Jondal Sokneråd må eventuelt delegere mynde og informere fellesråd og administrasjon kven som har det mynde i Jondal.

Vedtak:

Vedtak i sak 22/22 utsett til neste møte.

Sak 23/22 Eventuelt

- Spørsmål om konsertar/arrangement:

Markus evangeliet v/ Christian Steij skal September-desember 2022 eller vår 2023

Engelberg og Solvik(september,oktober,event.sommerkonsert

Vedtak vart gjort på møte 24.08.22. Jmf. Sak 18/22

- Jule konsert- Frå høge himmel – tradisjonelle julesalmar frå Rogaland.(4-10 desember?

Det høver ikkje dette året. Blir gitt tilbakemelding om det.

- Søknad om stønad/offer til Sygna vidaregåande skule.

Soknerådet vedtek å seie nei til førespurnaden.

